

# SISTE INDRE



**Vi er gode nyheter**

# Mer misjon, fornya organisasjon og et større vi

I år er ImF 125 år. Vår krets, ImF Rogaland, er 122 år. Alle innmeldte lag, foreninger og forsamlinger i ImF Rogaland har svært ulik lengde på sin historie. Egersund Indremisjon er nok eldst og ble stifta i 1881. Helt nye forsamlingsetableringer er innmeldt de siste årene.

Historie er spennende å lese. ImF Rogaland starta egentlig som Dalane Fellesforening for indremisjon med indremisjonslag tilslutta kun fra Dalane. Knapt 10 år senere begynte lag og foreninger på Jæren også å slutte seg til fellesforeningen som var tilslutta Det Vestlandske Indremisjonsforbund. Det var vekkelsestider på Jæren, og nystifta lag ville heller melde seg inn i den unge og litt mer radikale indremisjonskretsen, Dalane Fellesforening for indremisjon, enn de eldre kretser og fellesforeninger som fantes.

Det er godt over 100 år siden Dalane Fellesforening for indremisjon eksplanderte i fylket vårt. Etter hvert forandret foreningen navn flere ganger, og i dag heter vi Indremisjonsforbundet Rogaland. Mye har endra seg. Datidens hesteskjess, jernbane, robåter og dampskip er i dag erstattet med private biler, elsykler, skjærgårdssjepper, hurtigbåter, bussvei og et reisemønster som står i stor kontrast til starten av 1900-tallet. Teknologi, kunnskap, utdanningsnivå og levestandard er på et helt annet nivå nå.

Det er likevel imponerende å lese om hva de fikk til i oppstartsårene. Egersund Indremisjon hadde Sina Bruun ansatt i nesten 30 år fra året 1891 som bibelkvinne og hjemmehjelp. Anna Mugaas og Eline Hytland var også ansatt av Egersund Indremisjon som sykepleiere i til sammen 6 år før kommunen

overtok oppgavene deres. Time Yngre Indremisjon, som ble medlem i Dalane Fellesforening i 1909, ansatte allerede året etter Kirsten Lende som sykepleier, en stilling hun hadde fram til 1922, altså i 13 år.

I dag har vi ikke samme satsing på det diakonale. Det offentlige i Norge tilbyr helsestell i verdensklasse. Betyr det at vi ikke trenger å tilby nestekjærlighet og medmenneskelighet? Er ikke behovet for kristen omsorg og kjærlighet for vår neste det samme selv om velferdsstaten fungerer ganske bra?

Gud har ikke trukket sitt kall tilbake. Vi er kalt til å elske. Elske hverandre. Elske vår neste. Elske våre fiender. Mye er forandret siden Jesus viste hvordan fattige, syke og utstøtte kunne møte kjærlighet og bli reist opp til nytt liv for 2000 år siden. Det er også ganske store endringer siden våre lokalforeninger hadde bibelkvinner og sykepleiere ansatt for 100 år siden.

**Mer misjon. Fornya organisasjon. Et større vi.** Disse tre kortfatta ord – parene er blitt overskrifter over organisasjonsprosessen i ImF. Skal vi endre og fornye vår bevegelse, gjør vi lurt i å kjenne historien. Er det noe vi kan hente fram igjen fra historien som er i tråd med de tre «fyrlyktene» i form av ord-par som vi navigerer etter?

Det vokser faktisk fram mer diakoni i vår sammenheng. Noen eksempler: Språkkafe

for innvandrere flere steder. Gratis familieaktivitetsdag, superlørdag. Samtaletilbud og sjælesorg. Godhetsuker. Relasjonsbygging og ensomhetsbekjempelse i strikkekafer og foreldre & barn – tilbud. Julefeiring på leirplassen vår.

Vi tror vi trenger mer av dette, på enda flere steder. Medmenneskelighet kan bli en døråpner for Menneskesønnen. Omsorg kan ha omvendelse som ettvirkning. Flere bør få smake Guds godhet gjennom våre fellesskap.



Indremisjonsforbundet i Rogaland  
Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg  
Tlf. 51 79 38 80  
Nettside: [imfrogaland.no](http://imfrogaland.no)  
E-post: [rogaland@imf.no](mailto:rogaland@imf.no)

Direktenummer:  
Anne Berit Aarsland 977 67 073  
Terje Slettebø 51 79 38 80  
Anne Birgitte Auestad 920 90 232  
Gina Ueland 478 70 409

**Kretsleiar**  
Torgeir Lauvås  
Tlf 971 71 745

**Kretsstyreleder**  
Egil Vigdel  
Tlf 464 11 819

Bankgiornr.  
8220.02.80101  
**V-ppps** # 21841

**SISTE INDRE**  
Organ for ImF-Rogaland  
Tilslutta Indremisjons-  
forbundet  
Kjem ut 4 gonger årleg  
Kontingent kr 250,-  
Redaktør: Torgeir Lauvås  
Sats: Tubb  
Trykk: Lura Trykkeri

**OGNATUN**  
Mjølhusvegen 70  
4364 SIREVÅG  
Tlf. 51 79 38 88  
  
Direktenummer  
51 79 38 88  
Heimeside: [ognatun.no](http://ognatun.no)  
Epost: [ognatun@imf.no](mailto:ognatun@imf.no)  
  
Avdelingsleiar:  
Elisabeth Kalvenes  
Tlf. 51 79 38 88

# En trofast venn

I et friminutt på barneskolen gjorde en venn av meg noe de fleste barn gjør. Han pirket seg i nesen når han trodde ingen så på. Dessverre, så var det noen i klassen vår som fikk med seg dette. Fnisende kom de bort til bordet hvor jeg satt sammen med noen andre. De lo og fortalte, «Ola pirket seg i nesen!». Videre ble hendelsen beskrevet i detalj. Grønnfargen på snuen, størrelse og hvor klissete den var ble diskutert langt utenfor virkelighetens grenser.

Til slutt kjente jeg på at jeg ikke bare kunne sitte og høre på at de baksnakket Ola på denne måten. Så jeg åpnet munnen min og sa, «jeg tipper Ola samler på snuen i lommen for å spise den senere!». Alle lo, men samvittigheten min falt rett i bakken. Tenk at jeg sviktet kompsisen min og fortalte en så banal løgn. Jeg visste der og da at det jeg burde gjort var å si i fra at det ikke er greit å snakke om folk på den måten, i stedet ble jeg med på baksnakkingen.

For sikkerhetsskyld kan jeg si at barndomsvennen min ikke heter Ola, men historien er helt sann. Å la seg rive med eller böye seg

under for gruppepresset tror jeg de fleste av oss forstår kan være lett som barn. Usikkerhet, menneskefrykt og flere andre faktorer spiller inn.

I voksen alder ville ikke de fleste slå til med en slik skrøne-historie som jeg gjorde om Ola som samlet på snue. Likevel så er det nok mange av oss som kan kjenne på at det kan koste å stå opp for det som er rett i møte med venner, familie og mennesker rundt oss. Selv om vi vet bedre og ønsker å være trofaste så svikter vi på forskjellig vis.

Heldigvis kjenner vi en som er ikke er slik! Vår venn Jesus vender oss ikke ryggen, men gav seg selv for oss og ble vår stedfortreder. Han baktaler oss ikke, men sitter ved Fars høyre hånd i himmelen og taler vår sak. Han er vår venn som er trofast, til og med når vi ikke er det.

«Er vi troløse, så forblir han trofast. For han kan ikke fornekte seg selv.» 2. Timoteus 2,13



Asle Steinbru



## ImF 125 år JUBILEUMSMARKERING

Ognatun søndag 24. sept kl 11.00

Koret divisi synger med og for oss:



«Sammen i sangen»  
JUBILEUMSKOLLEKT  
& UTLODNING

KL. 13.15-15.00:

MIDDAGSBUFFET: OKSESTEIK OG KJØTTKAKER

(250,- voksen, 150,- under 12 år, under 4 gratis. Maks 700 pr familie)

SALG AV MARSIPANKAKE

# Konkret handling motiverer til teneste!

-Eg opplever at ImF faktisk viser i konkret handling at dei satsar på barne - og ungdomsarbeidet. Dette motiverte meg til å gå inn i oppgåva som dagleg leiar for ImF-ung på landsplan.

- Tekst: Terje Slettebø
- Foto: Anne Berit Aarsland

Dette seier Asle Steinbru (31) frå Verdalen i Klepp som begynte i stillinga 01.09.22. Han viser konkret til ImF si satsing på Awana: - Her har ImF utarbeida eit flott bibelfundert opplegg for barn frå 3 år og opp til ungdommar på 18 år. Opplegget blir også brukt i andre organisasjonar og kyrkjesamfunn. Dette arbeidet har eg fått eit stort hjarta for, seier Asle, og vi merkar engasjement hans når han fortel.

## Tenande ledd

Kva er arbeidsoppgåvene til dagleg leiar for ImF-Ung?

- Det er mange ting, administrasjon og tilrettelegging, formidling av Frifondmidlar. Det handlar om å stille konkrete resursar til disposisjon for kretsar og lokalt forsamlings - og bedehusarbeid. Vi ynskjer å vera eit tenande ledd, seier leiaren for avdelinga som har tilsett 6 personar i litt ulik stillings-storleik.

## Motkultur

Asle opplever at det frivillige arbeidet er under press, men når ein samanliknar ImF sin nedgang i barne- og ungdomsarbeid med anna frivillig arbeid så er ImF sitt arbeid stabilt etter pandemien. - Utfordringa er at vi må vera tydelege og ein motkultur til utviklinga i samfunnet.

## «Nær-leiing»

Her er ungleiaren opptatt av at vi må vera oppmerksame på den enorme mengde informasjon som dei unge blir utsatt for kvar dag. Meiningsmangfaldet endrast raskt og vi blir påverka av dette om vi vil eller ikkje: - Difor treng vi å kjenna vår Bibel og gje dette innhaldet vidare. Komande generasjonar treng førebilete og leiarar som er nær dei, oppfordrar Asle og innfører omgrepet «nær-leiing»

## Gullglint

Kva konkrete ting i arbeidet har gledd deg i det siste?

- Nyare norsk forsking viser at leirarbeidet er viktig med tanke på barn og unge sitt val av kristen tru. Dette kan eg og stadfesta i eige liv. Leirarbeidet er ein bærebjelke i vårt arbeid og denne forsking understrekar kor viktig dette arbeidet er. Og, for mindre stader der ein ikkje har eige lokalt barnearbeid er det ein flott moglegheit å kunne senda barna på leir. Og Asle held fram ein ting til som har gledd han når han er på sine reiser og besøker arbeidet: - Ungdommane er meir tydelege i trua enn eg var, dette er gullglint i arbeidet.

## Engasjert lokalt

For Asle er det også viktig å vera engasjert i si heimeforsamling, Bore Bedehusforsamling. Der deltek han som talar, møteleiar og spelar til lovsongen. Når han jobbar så mykje med administrasjon og strategi er det heilt essensielt å delta på grasrota og sjå kva som rører seg, opplever han.

## Beltespenna

Korleis opplever du arbeidet i Rogaland samanlikna med resten av ImF-land?

- I Rogaland har vi mange forsamlings som og ligg forholdsvis tett samanlikna med resten av området. Fylket vårt er beltespenna i bibelbelte og det gjeld fleire organisasjonar, - avsluttar Asle Steinbru.



Asle Steinbru (t.v.) saman med Bjarte Vesetvik

Sammen kan vi ta godt imot gjestene på Ognatun.

## VERTSKAP

VIL DU VÆRE MED SOM VERTSKAP PÅ OGNAUTUN?

Få en helg med gratis opphold og mat, mot at du tar imot gjestene våre og er tilgjengelig gjennom helgen.

Erdu interesert? Ta kontakt: ognatun@imf.no eller 51 79 38 88

# Hele ImF Rogalands Julemarked

Julemessa, eller julemarkedet som vi kaller det nå, har i over 60 år vært en svært viktig inntektskilde for ImF Rogaland. Dette trenger vi mer enn noen gang i år. Tirsdag 28. nov klokka 17.00 til 20.30 på Ognatun blir det julemarked i år.

**Vil du eller din forsamling bidra, kan dere hjelpe til slik:**

- Bake julekaker eller annen bakst vi kan selge (Kakebeger stiller vi med!)
- Lage juledekorasjoner eller annen julepynt / håndarbeid vi kan selge
- Selge lodd til hovedtrekningen
- Skaffe oss attraktive gevinstar til hovedtrekning eller lynlotteriet
- Hjelpe praktisk på julemarkedsdagen tirsdag 28. november

Kontakt kretskontoret på tlf 51793880 / rogaland@imf.no hvis du vil vite mer eller kan bidra til noe.

Vi liker å ha noe nytt hvert år! Nyheten i år er en egen juleforestilling samme kveld som vi har julemarked. Vi gleder oss til å presentere juleforestillingen «Forviklinger og forventninger på vei til stallen» Her vil humor, allsang, forkynnelse og god fantasi ta deg med til stallen og Jesusbarnet på en annerledes og hjertevarm måte. Vi vil etter hvert annonsere på Facebooksiden / nettsiden til ImF Rogaland og i neste nummer av Siste Indre hvordan du kan sikre deg et sete under forestillingen.

ImF Rogaland, «De tre vise menn» & «De kloke julefruer» presenterer:

## JULEMARKED på Ognatun

Tirs. 28. nov. kl 17.00-20.30



**Salg av**  
julekaker, bakst, lylodd, middag for store og små, dessert, kaffe fra egen kaffebar og lodd til hovedtrekning & barnebasar

**LODD TIL HOVEDTREKNING?**  
Vipps kr 10 pr lodd til 519773

**PROGRAM**  
17.00 Salg og kafe  
19.00 Juleforestilling  
20.00 Hovedtrekning

**NYTT I ÅR:**  
Juleforestillingen «**Forviklinger og forventninger på vei til stallen**»



## Divisi til Rogaland

Helga 22-24 september kommer ImF-koret divisi til Rogaland. Fredagen har de sangkveld i Salem, Stavanger. Lørdagen vil koret være med på Fellesskap i Riska Kirke, arrangert av Riska Bedehusforsamling. Det er en kveld med sangkonseptet «Sammen i sangen» som starter klokka 18.00. Det blir en innholdsrik samling med mye sang som avsluttes med mat og loddtrekning.

Søndag 24. september er koret på Ognatun, der de for øvrig overnatter hele helga. Da får vi også være med i konseptet «Sammen i sangen» samtidig som vi på en enkel måte markerer og feirer ImFs 125 årsjubileum. Vi starter klokka 11.00 på Ognatun, og samarbeider konkret med Ogsa Misjonsforsamling som har lagt sitt formiddagsmøte sammen med oss på Ognatun denne søndagen.

Samlingen er åpen, og vi inviterer til en flott søndag på Ognatun. Flere forsamlinger har likevel egne møter denne formiddagen, og det heier vi på, men vi inviterer likevel til å komme til Ognatun i etterkant og spise festmiddag og jubileumskake hos oss fra klokka 13.15 til 15.00 og feire på den måten. Alle som kommer innom, skal på en eller annen måte få gi sin gave til ImF denne dagen. Velkommen når eller hvis det passer for deg!

# Flerkulturell leir

I 2015 hadde vi i ImF Rogaland, sammen med Kristent interkulturelt arbeid, vår første Flerkulturelle leir sammen på Ognatun. I år hadde vi den 9. leiren sammen 10. - 13. august. 68 deltakere fra Syria, Somalia, Etiopia, Eritrea, Ukraina og Colombia sammen med ledere fra Japan, Syria, Etiopia og Norge gjorde dette til en flerkulturell leir.

► Tekst: Torgeir Lauvaas  
► Foto: Rakel Berntzen og Jorunn Apeland

På leiren hadde vi en flott strand-dag på fredagen med sand-slott-konkurranse og god stemning. Aktivitetstivoli på tunet lørdagen ble også veldig kjekt, og var i alle fall høydepunktet på leiren for 6 år gamle Nikas fra Ukraina. Både fredagen og lørdagen var det store grillmiddager ute på tunet med laks, kalkunpølser, kylling i ulike varianter, sauser, salater og ris under tilberedning av grillmestere fra flere land og kulturer. Mange kokker og lite sol.



Hoppslott er populært.

Vi la opp til gode opplevelser sammen for de voksne og barna på leiren gjennom turer, måltider, deltakernes aften og mange familieaktiviteter. Vi fikk låne to store hoppslott fra Puls-menighetene i Rogaland. Bedehuskirken og Fredheim støttet oss i år igjen godt økonomisk slik at det heldigvis i år også ble mulig å få til denne leiren. Statlige midler bidrar også til disse feriedagene som deltakerne kun betaler en symbolsk sum for å være med på.

På bibelsamlingene var temaet frihet og fortellingene om blant andre Sakkeus og den bortkomne sønn ble delt for å sette fokus på de gode nyhetene fra Bibelen. Takk til alle deltakere, ledere og støttespillere for kanskje årets flotteste festdager på Ognatun.



Sandslottkonkurranse.



Godt teamarbeid.



Flott strand-dag på fredagen.

**Ognatunbasaren  
28. sept. Kl. 18.00**

**Andakt:**  
**Sofie Braut**



**Song:**  
**Bjerkreim  
Barnekor**

\*\*\*\*\*  
**Enkel servering**

**\* Barnetrekning  
\*Åresalg  
\*Hovudtrekning**

**Alle er velkomne!**



## Elisabeth Kvindesland i ImF-styret:

# Ei ny utfordring er ofte ei god utfordring!

-Eg er ein person som syns det er kjekt med styrearbeid og nye utfordringar. Difor heiv eg meg på når eg fekk spørsmål om å stilla som kandidat til ImF-Styret. Eg opplevde det positivt at det var eit klart ynskje frå valkomiteen om å få inn yngre krefter frå «unge vaksne» - generasjonen.

► Tekst og foto: Terje Slettebø

Elisabeth vart vald inn i ImF-styret på generalforsamlinga til ImF i november 2022. Ho opplever styrearbeidet som ein interessant læringsprosess med mykje spennande og meningsfullt ImF - arbeid å bli kjent med. På grunn av turnusarbeid har ho ikkje fått med seg alt styrearbeidet og ser fram til å kunna få fullt fokus. Ho opplever også at ho lærer mykje av dei andre i styret som har lang erfaring.

### Mykje nytt

Har ho nokre hjartesaker i arbeidet?

-Det spørsmålet er det nesten for tidleg å svare på, det er mykje nytt å setja seg inn i. Men eg syns organisasjonsprosessen er spennande, og økonomi kjem til å bli eit viktig fokus framover. Min kjennskap til arbeidet har for det meste vore gjennom ImF-Ung, seier Elisabeth.

### Ta kontakt

Som medlem i ImF-Styret er ho ein av Rogaland sine representantar i ImF-styret. Vi lurer på om misjonsfolket i Rogaland tar kontakt med henne med spørsmål og innspel til arbeidet. – Det har vore lite, dei fleste tek nok kontakt med Runar Landro, seier den forholdsvis ferske styremedlemmen. Men ho legg til at ho gjerne ser at folk tar kontakt med henne framover.

### Konfirmantarbeidet

Nå i august slutta Elisabeth i arbeidet som vernepleiar i eit bufellesskap og byrja som ungdomsarbeidar i Fredheim forsamling i 80 % stilling. Fredheim er den forsamlinga ho tilhører og kjenner godt. I sitt arbeid skal ho ha ansvaret for konfirmantarbeidet og



Elisabeth Kvindesland trives med utfordringar.

«Unge vaksne» og ha administrative oppgåver i Familiesenteret og for lovsongstema i forsamlinga.

### Relasjonar

-Eg syns ungdomsarbeid er kjekt, det er spennande å byggja relasjonar med ungdommar. Dei treng trygge vaksne som dei kan ha god relasjon til. Min erfaring er at det er det personlege vitnesbyrdet som når lengst og er viktigast i møte med ungdommar. Men vi opplever og at konfirmantar seier at dei gjennom konfirmantundervisninga på Fredheim har lært nye ting frå Bibelen gjennom undervisninga, fortel Elisabeth, som er spent når ho nå skal ha hovudansvaret for dette arbeidet.

### Bibelgrupper

Ho seier også at det er veldig flott å sjå at kvart år er det fleire som vel å vera med i Bibelgrupper etter at konfirmanttida er over. Nokre er med i bibelgruppe på 4. året. Dette syns Elisabeth er svært gledeleg og ho har tru på dette arbeidet der ein får ha relasjon med dei unge over mange år.

### Unge vaksne

Det gleder også ungdomsarbeidaren at dei nå skal starta tilbod for unge vaksne på Fredheim -Dette er ei gruppe som det er viktig å ha eit tilbod til slik at dei ikkje fell ut av det kristne arbeidet, avsluttar Elisabeth Kvindesland.

Booking og mer informasjon:  
[www.imfrogaland.no/drosetilbud](http://www.imfrogaland.no/drosetilbud)

imf Rogaland

# Glimt frå sommaren på Ognatun

► Tekst og foto: Terje Slettebø

Sommarsesongen starta med «Glad - song - dagar» på Ognatun i månadsskiftet 5. - 8. juni.

Med 35 faste deltakrar vart dette flotte dagar på Ognatun. I tillegg møtte det fram mykje folk på kveldsmøta. God forkynning og god kristen song prega desse dagane.

Torsdag 8. juni, etter «Glad - song - dagane» var det Marknadsdag på ettermiddagen med sal av blomar og grillmat. På kvelden var det møte med åretrekning. Martha og Edgard Paulsen var med både på «Glad - song - dagane» og Marknadsdagen.

I juni arrangerte vi 2 barneleirar. Godt å bruka anlegget vårt til det vi ynskjer alle mest, å samle barne og unge til god fellesskap og samlingar om Guds ord.

To tyske grupper har vore på Ognatun i to 12 - dagars periodar og leigt Internattbygget til sjølvstell.

Og innimellom alt det andre vart det også tid til 1 bryllaup og ein 60-års dag på Ognatun i sommar. Fint å få vera med å leggja til rette for feiring av slike store dagar.

Ognatun har også i løpet av sommaren blitt med på app-konseptet «Too Good To Go». Mat som blir til overs etter arrangement kan bli kjøpt for ein billig penge. Ognatun er også blitt med på «AirB&B», og håper dette vil føre til meir utleige av leilegheitene.



Glad - song - dagar. Trekkspillklubben.



Marknadsdag.

## Økonomisk utfordrande situasjon!

Rekneskopen ut juli for ImF-Rogaland viser eit underskot på 856 000 kr. Dette er 260 000 kr etter budsjettet for denne tida på året som viser eit underskot på 653 000 pr 01. aug. For heile 2023 har ImF-Rogaland budsjettert med eit underskot på 130 000.

Det betyr at slik den økonomiske utvikling er nå går kretsen i år mot eit underskot på i om lag 360 000 kr.

Samanliknar vi med fjoråret er inntektene så langt i år på kr 2 420 081 mot 2 001 831 000

på same tid i fjor. Utgiftene er på 3 276 045 mot kr 2 723 957 på same tid i 2022.

Det som utgjer den største endring i både inntekter og utgifter er at kretsen nå er formell arbeidsgjever for fleire tilsette i lokale forsamlinger. Lønnsutgiftene blir refundert til kretsen frå den lokale forsamling og blir på utgiftsida ein del av kretsen sine lønnsutgifter.

Vi merker også godt som krets den pris og lønnsstigning som har vore siste året. Kretsstyret arbeider difor aktivt både med å prøve å auke inntektene, men ser også på moglegheiter for å redusere utgiftene for å få ei drift som går i balanse. Her er det innsparing i lønnsutgifter som er den einaste posten som kan gje større innsparinger. Kretsstyret arbeider difor med å prøve å organisere arbeidet

slik framover at ein reduserer utgiftene samtidig som ein prøver å oppretthalda aktivitetene så langt som mogleg.

Hausten vil bli ei viktig tid for ImF-Rogaland sine inntekter. Vi håper på god respons på haustoffer og julegåve som blir sendt ut som giroar i posten. Og styret merkar seg ein positiv trend i innbetalingar frå foreiningar og forsamlingar (har auka med 16% så langt i år), og håper det vil halda fram utover hausten. Hjarteg takk for all økonomisk støtte og omtanke til ImF-Rogaland og Ognatun.

For kretsstyret, Terje Slettebø, administrasjonsleiar.



Eva Marie Nummedal og Tolleif Ulvebne.

# Kristne venner var viktige!

Tolleif Ulvebne på Nærø var kristen for fem år sidan. Han tok denne avgjerdna under eit møte på Lyngdal Bibelcamp. I prosessen fram til dette hadde kristne venner vore viktige.

► Tekst og foto: Terje Slettebø

Siste Indre er invitert inn i heimen til ekteparet Eva Marie Nummedal og Tolleif Ulvebne på Nærø. Dei gifta seg i 2007 og hadde svært ulikt forhold til kristen tru med seg inn i ekteskapet.

Eva Marie hadde eit aktivt forhold til kristen tru i ungdommen og fekk blant anna med seg eit opphold på Bibelskulen til ImF som då låg i C. Sundts - gate i sentrum av Bergen. Men livet hennar skulle etter kvart bli utfordrande med både nedturar og oppturar. Sjukdom og utfordrande relasjonar vart ein stor del av livet. Dette spela også inn på tru og kristenliv: - Eg var ein kristen på godt og vondt, det vart av og på. Men gjennom dei vonde periodane i livet mitt kjente eg på at om eg skulle klara dette livet måtte eg ha noko å gripa tak i. For ti år sidan valte eg

Jesus igjen og har ikkje valt han bort etter det, fortel Eva Marie!

Tolleif fortel om ein oppvekst og eit liv med liten kontakt med kristen tru. Han husker at foreldra tok han med i kyrkja på julafesten og at ei tante til far hans var misjonær på Madagaskar. Men når han vart kjent med Eva Marie og hennar kristne venner fekk han eit nærmare kjennskap til kristne: Det var i periodar knallhardt for meg å sjå korleis Eva Marie hadde det når ho var sjuk. Men vi fekk fantastisk støtte frå kristne venner, mange bad for oss. Vi fekk begge kraft og styrke utan at vi sjølv bad om det, seier Tolleif. Gjennom dette vaks det fram ein lyst hjå han til å bli ein kristen, og for fem år sidan tok Tolleif steget ut på Lyngdal Bibelcamp: - Det å vera ein kristen gjev meg ein indre ro som eg ikkje hadde før.

Ekteparet reflekterer rundt betydninga av kristne venner og oppfordrar kristne til å ha ikkje - kristne venner, for då kan ein vera til større hjelp enn ein aner.

Etter at Tolleif vart kristen blei han med i ei bibelgruppe i gata: - Dette var eit viktig fellesskap for meg, mykje var nytt, det var interessant å få innsikt i bibelske sanningar. Eg fekk lov å vera ny på vegen og stilla spørsmål

om det eg lurte på.

Nå er han med på «Gjenbruken» på Varhaug og trivst godt i det fellesskapet. Han er også med i Mental helse Hå og finn det veldig meaningsfullt å både vera regnskapsfører og til hjelp i samtaler.


Ekteparet er opne på at dei er ikkje flinke med andakter, bibellesing og bønn. Men opplever at dei får mykje gjennom kristen song og musikk. Eva Marie har begynt i Nærø musikklag.

Det går sterkt inn på Eva Marie når vonde ting skjer med menneske som står henne nær. Ho orkar då ikkje å forholda seg til Gud og må halda avstand til han. Men opplever at Gud held rundt henne også i desse periodane: - Mitt kristenliv er ikkje mykje å byggja på, men eg har erfart der er ein som heldt rundt meg.

To setningar frå songar har vore viktige for Eva Marie: «Hold meg fast til stormen er forbi», Rett Kurs, og setninga «Blott en dag et øyeblikk om gangen» av Lina Sandell. Ho opplever også at med hennar erfaringar frå eit liv som til tider har vore stormfullt får ho gjennom samtaler vera til hjelp for andre både på det menneskelege og det åndelege plan.

**Kringsjå  
Invistering AS**

**Astor Industri  
Eiendom AS**



# Leirer på Ognatun hausten 2023



LEIR	ALDER/FØDSELSÅR	DATO PÅMELDING STARTER KL.17.00	
Førjulsleir 1	2.-4. klasse	24.-26. nov	16. okt
Førjulsleir 2	5.-7. klasse	08.-10. des	23. okt

## PÅMELDING

Meld deg på på vår nettside: [imfroglan.no](http://imfroglan.no)

Her kan du melde deg på og samtidig få bekrefteelse på om du har fått plass på leiren.

Med denne påmeldingsmetoden er det "første mann til mølla" som gjelder.

Ved spørsmål ring: ImF Rogaland

tlf: 51793880, Kontortid: 09.00-15.00

## BØNNE- OG TAKKEEMNE

### Be for:

- Rekruttering av ny kretsleder
- Organisasjonsprosessen
- Forsamlings- og foreningsarbeidet
- Økonomien
- Lederkonferansen

### Takke for:

- Leirarbeidet på Ognatun
- Fleirkulturell leir og KIA
- Dugnadsfolka på Ognatun
- Fritidssforkynnaraane
- Alle leiarar i barne-og ungdomsarbeidet.

Du kan sende inn bøneemner til kretskontoret, så tek vi det med på bønesamlingar som vi har.

Send sms til 459 55 969 eller  
på e-post: [rogaland@imf.no](mailto:rogaland@imf.no)

# OGNATUN

### Ved til salgs:

Sekker med bjørkeved, 60 L, kr 125, pr stk

Pallar med granved, kr 1250 pr stk

Kontakt Magne Skårlund tlf. 915 73 157



### Catering frå Ognatun:

I oktober får du 15% rabatt på catering frå Ognatun.

Bestill 14 dagar før leveringsdato!

Tlf. 51 79 38 88 eller e-post: [ognatun@imf.no](mailto:ognatun@imf.no)

### Selskap på Ognatun:

I januar og februar 2024 får du 15% rabatt på private selskap på Ognatun.

Ta kontakt for konkret tilbod!

Tlf. 51 79 38 88 eller e-post: [ognatun@imf.no](mailto:ognatun@imf.no)

## Ognatunkafe

Tysdag kl. 11.00-14.00

10. oktober

31. oktober.

Ta med familie og venner til ein hyggeleg lunch på Ognatun!



**Mulbadaw Farm på 56 000 dekar i Hanangdistriktet i Tanzania**

Matsikrings- og vannforsyningssprosjekt drevet med økonomisk støtte og kunnskap fra misjonsvenner i Norge gjennom SHV.

(Stiftelsen Haydoms Venner)

Se mer på [www.mulbadaw.com](http://www.mulbadaw.com)

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

**Elektrofag Jæren**

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN

# Torgeir Lauvås til Fredheim forsamling

Torgeir Lauvås orienterte kretsstyret før sommarferien om at han har takka ja til kallet om å gå inn i pastorteamet på Fredheim, Sandnes. Men både han og Fredheim er innstilte på å gje kretsen tid til å finna hans etterfølger.

Fra 01. oktober vil Torgeir Lauvås trappe ned sin stilling som kretsleder i ImF-Rogaland

til 50% stilling. Frå same dato begynner han også i 50% stilling som pastor på Fredheim, Sandnes.

Fram til 01. mai vil han fungere i begge desse stillingane, men etter dette går han over i full stilling som pastor på Fredheim.

Kretsen har starta arbeidet med å finna ny kretsleder etter Torgeir Lauvås. Dette er eit arbeid som blir gjort i lys av den organisasjonsprosess som ImF er midt inne i nå!

Kretsstyret oppfordrar til forbønn både for organisasjonsprosessen og rekruttering av ny kretsleder!



## GRUDE BYGG

Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon  
tlf.: 51 78 98 50

NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

## VIGRESTAD BYGG

WWW.VIGRESTADBYGG.NO  
Tlf: 958 19 505

## Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:

Myrvegen 2, 4344 Bryne  
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes  
Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug  
(2. etasje Spar Varhaug)  
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no  
[www.jarok.no](http://www.jarok.no)



**Brit Ege Salongen**  
**Tlf: 51 48 03 72**

**Grude Gartneri**  
Brekkeveien 18  
4353 Klepp Stasjon



**Tlf 975 25 110**  
**Post@bryne-regnskap.no**  
**www.bryne-regnskap.no**

**Le Service A S**  
Leplanting  
Hageanlegg  
Kompoststrø  
+362 Vigrestad  
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax: 51 43 66 53  
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916



Tlf.: 464 22 022

Bokføring - lønn - årsoppgjør  
stiftelser- økonomisk rådgivning

ROTT REGNSKAP OG RÅDGIVNING, TLF: 51 80 84 50 - WWW.ROTTREGNSKAP.NO

**Haugstad Eiendom AS**  
Postboks 37  
4369 Vigrestad

## WALDELAND MASKIN




Tlf: 90 79 61 44

## JG MASKIN

Jan Gunnar Lundheim - Varhaugvegen 89, 4360 Varhaug  
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - [jagrunnau@online.no](mailto:jagrunnau@online.no)




**Odd Narve Grude**  
Næringsbygg  
Tlf.: 90 13 95 19  
51 42 37 99



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

**2023**

3.-5. november



Tema

**ROTFESTET  
& RADIKAL**

## LEDERKONFERANSE

Straume Forum, Sotra

### HOVEDTALER



Runar Landro - Tor Erling Fagermoen - Andreas Evensen - Irene Krokeide Alnes - Ragnhild Naterstad

### NETTVERK

- 1. Barne- og ungdomsledere
- 2. Gud velsigne deg, dere, dine barn, deres barn... (familie/generasjoner)
- 3. Forsamlingsnettverk
- 4. Hvordan kan ekte tro få rom og blomstre i mindre grupper? (Smågrupper)
- 5. Trosforsvar
- 6. Stå sterke i stormen (Åpne Dører)
- 7. Uenigheter, konflikter og konflikthåndtering (samttale og veiledning)
- 8. Credo
- 9. Unge ledere
- 10. Planting av nye fellesskap



INFO OG PÅMELDING: [Leder-konferanse.no](http://Leder-konferanse.no) [kimfung.no](http://kimfung.no)

Siste frist for påmelding er **24. oktober**